



Kulturdepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030, Dep
0030 OSLO

Jørpeland 23.10.2014

HØYRINGSSVAR STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA – EIT TYDELEG SKILJE

Strand kyrkjeleg fellesråd takkar for høvet til å uttala seg om høyringsnotatet “Staten og Den norske kyrkja – eit tydelegare skilje”. På bakgrunn av at saka blei tatt opp som orienteringssak i Strand krk. fellesråd 17. september 2014, og gjennom endeleg vedtak av 23. oktober 2014, sender Strand kyrkjeleg fellesråd inn følgjande uttale:

- 1) Strand kyrkjeleg fellesråd understrekar viktigheita av at kommande endringar i kyrkjestrukturen må sjåast i nær samanheng med den pågåande kommunereformen.**
- 2) Strand kyrkjeleg fellesråd vil oppmoda departementet til å bruka den tida som er naudsynt i dette arbeidet, for å sikra at ein finn gode løysingar og såleis skapa eigarskap for vedtaka på alle nivå i kyrkja. Ein forhasta prosess er ingen tente med.**
- 3) Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at høyringsnotatet frå departementet er for omfattande til at det er forsvarleg å ha ein høyringsfrist som er kortare enn to månader. Strand kyrkjeleg fellesråd føreslår at fristen blir utvida med to månader til 2. januar 2015.**

På vegner av Strand kyrkjeleg fellesråd,

Trond Hjorteland

Trond Hjorteland



Strand kyrkjeleg fellesråd
Postboks 115
4126 Jørpeland

kyrkjeverje